

Seglingsvedtekter for KM for T/H og eintype 2010



28-29. august 2010 på Hjeltefjorden

1. Reglar

ISAF's kappseillingsregler 2009-2012 (RRS). Gjeldande LYS-reglar og aktuelle eintype klassereglar. HSK sine reglar for Kretsmesterskap for tur- og havseilere og eintype. Reglane for HordaCupen 2010. Seglasen er med i HordaCup 2010 (unntatt for eintype).

2. Tryggleik og ansvar

Regattaen er underlagt tryggleikskategori 5. Det er ein ufråvikeleg føresetnad at arrangøren eller nokon av foreininga sine funksjonærar, ikkje kan gjerast ansvarleg for nokon skade som rammar person eller eigedom under, eller i samband med kappseglasen.

Skipper på kvar enkelt båt har aleine ansvar for å avgjere om båten skal starte eller ikkje, eller om han skal halde fram med å kappsegle eller ikkje. Det vert tilrådd på det sterkaste å bruke redningsvest eller anna personleg flyteplagg under kappseglasen.

3. Endringar av seglingsvedtektene

Eventuelle endringar i seglingsvedtektene vert kunngjort ved oppslag ved regattakontoret seinast klokka 10.00 same dag som dei trer i kraft. Dette vert signalisert med signalflegg J. Evt. endringar vert då levert ut skriftleg til alle båtar. Unntak: Eventuell endring i tidsprogrammet for kappseglasane vert kunngjort både på oppslagstavla og www.ranseil.no, seinast klokka 1900 dagen før endringa trer i kraft.



4. Tidsprogram og klasseinndeling

Fyrste varselsignal laurdag 28. august vert gitt kl. 12.00. Fyrste varselsignal søndag 29. august vert gitt kl. 1100.

Klasseinndeling, klasseflagg og startrekkefylgje vil framgå av deltakarlista, som vert publisert på www.ranseil.no samstundes med desse seglingsvedtektene.

Laurdag vert det ikkje gjeve varselsignal etter klokka 16:00. Søndag vert det ikkje gjeve varselsignal etter klokka 1500.

5. Bane, løp og merker

Seglasane går føre seg i Hjeltefjorden nord for Geitanger og vest for Rotøyane med Hauglandsosen som reservebane – sjå sjøkart 23. Det vert segla inntil tre løp kvar dag.

Teikninga i vedlegg A viser prinsippskisse av banen.

Start og mållinje vil vere siktelinja mellom to oransje kuleforma bøyer.

Alle merker vil vera oransje kuleforma bøyer bortsett frå merke 3 som vil vera ei oransje kuleforma bøye med gult flagg.

6. Maksimaltid

Maksimaltid for kvar seglas er 2 timar og 30 minutt for fyrste båt i kvar klasse. Båtar som ikkje går i mål innan 30 minutt etter den fyrste båten i sin klasse vert notert som DNF. Dette endrar reglane 35 og A4.

7. Poengsystem

Lavpoengsystemet i Appendiks A vil bli nytta. Dersom det vert gjennomført fem eller fleire seglasar kan dårlegaste resultat strykast.

8. Protestar og regattakontor

Regattakontoret er i det nye klubbhuset til Ran Seilforening og har fylgjande opningstider:

Laurdag 28. august kl. 09.00 – 10.00

Etter seglasen er regattakontoret ope til ein time etter protestfristen.

Sundag 29. august kl. 09.00 – 10.00

Etter seglasane er regattakontoret ope til ein time etter protestfristen. Fristen for å protestere er 30 minutt etter at komitébåten kjem til kai i Anglevik. Det vert sett opp oppslag om nøyaktig protestfrist på tavle ved regattakontoret. Protestar skal leverast skriftleg på regattakontoret.

Meldingar om innkomne protestar vert slått opp på tavle ved regattakontoret, tilliks med informasjon om kvar og når høyring vil skje.

9. Premiering

Det vert delt ut KM-medaljar i gull, sølv og bronse til mannska om bord i dei tre beste båtane i kvar gyldig KM-klasse. Attåt dette vert det rormannspremiering til 1/3 av startande båtar i kvar klasse. Premieutdeling skjer i Anglevik, så snart som råd etter at sundagens seglasar er avvikla og eventuelle protestar handsama. Resultata vert publisert på www.ranseil.no så snart som råd etter seglasane.

Spørsmål i samband med regattaen kan rettast til regattasjef Leif Jørgen Ulvatne (95 11 95 25)

God seglas!



Vedlegg A:

